



03-10-2019 10:00 CEST

## Barnebok om å vere einsam og aleine i eit framandt land

Seksten år gamle Ilias bur på asylmottak med søster si Amira på ni år. Ein dag skjer det noko som gjer det farleg å bli verande. Søskena må rømme ut i den mørke natta. Vinden er isande kald, og dei har dårleg tid. Snart høyrer dei snøskuteren som jaktar på Ilias. Kven kan hjelpe dei gjennom den frosne vinternatta?

- Eg jobbar som bibliotekar på ein skule med mange minoritetsspråklege elevar og har kjent på utfordringa med å finne gode bøker til dei. I samarbeid med ei innføringsklasse byrja eg å skrive på eit lettlestmanus. Eg snakka med elevane om kva dei ønska å lese og leste manus for dei undervegs, fortel

Sunniva Relling Berg.

Boka er utgitt med støtte frå Leser søker bok. Illustrert av Bjørn Rune Lie.

**Sunniva Relling Berg (f. 1988)** kjem frå Ålesund og bur i Bergen. Ho debuterte i 2011 med den kritikarroste ungdomsromanen *Utfør*, som blei nominert til Brageprisen. *Polarnatt* er hennar tredje roman for unge.

---

Det Norske Samlaget er eit kultur- og kunnskapsforlag som gir ut litteratur på nynorsk. Vi gir ut omlag 100 titlar kvart år av norsk og omsett skjønnlitteratur, barne- og ungdomsbøker, dokumentar- og faktalitteratur, ordbøker og læremiddel for høgare utdanning.